Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Dato	16.10.2026
Vår referanse	2026/171-90
Dykkar referanse	26/4470
Sakshandsamar	John Anton Gladsø
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Innspel til ny stortingsmelding om villaks, sjøørret og sjørøye

Vi viser til høve for å kome med innspel til ny stortingsmelding og kva for tiltak som kan gjennomførast for å betre tilstanden for villaks, sjøaure og sjørøye. Dykkar referanse er 26/4470.

Vestland fylkeskommune har handsama innspelet politisk i hovudutval for næring. Følgjande punkt vart vedteke:

1. Alle påverknadar på anadrom fisk må vere med i stortingsmeldinga
2. Meldinga må skildre tiltak for å redusere dei menneskeskapte påverknadane
3. Meldinga må få fram at det er viktig å hindre nye påverknadar på anadrom fisk
4. Meldinga må vurdere behov for ressursar for å redusere påverknadane frå alle menneskeskapte kjelder
5. Meldinga må vurdere behov for pålegg, regulative endringar og behov for ny kunnskap
6. Tiltak i meldinga må ha ei balansert tilnærming, jf. andre samfunnsmål

Informasjon og problemstillingar som framgår av saksframstillinga

Vestland fylkeskommune støttar arbeidet med ei stortingsmelding for laks, sjøaure og sjørøye. Vestland fylkeskommune vurderer at det er viktig at alle påverknadar blir sett nærare på og at alle menneskeskapte påverknadar blir redusert så langt som råd. Det er også viktig å hindre nye påverknadar. Klimaendringar får vi ikkje gjort så mykje med på kort sikt, men det er viktig at det vert sett inn tilstrekkeleg med ressursar for å redusere påverknadane frå alle menneskeskapte kjelder. For dei påverknadane vi ikkje kjenner godt nok må det påleggast nye undersøkingar eller settast av midlar til forsking.

Låge bestandar
Laksebestandane har vore på eit lågt nivå i mange år, og dei fem siste åra har det vore ein ytterlegare nedgang i Vestland. Årsaka til dei reduserte laksebestandane er menneskeskapte truslar og låg overleving i sjøen.

I Vestland er fleire vassdrag stengt for laksefiske, mellom anna Vosso, Lærdalselvi og Jølstra. Mange elvar har også fått reduserte fisketider. I tillegg er det no berre lov til å fiske med kilenot og lakseverp ein kort periode i Dalsfjorden og Nordfjorden. Til tross for at fiske er vesentleg redusert så har ikkje tilstanden for laksen blitt betre.

Mange vassdrag har også lite sjøaure i Vestland, men her finst det unntak. Mellom anna har Granvinselva hatt auka mengd sjøaure dei siste 5 åra. I Etneelva blir all oppvandrande fisk fanga i ei felle, og her har det også vore ein auke av sjøaure dei to siste åra. Mange anadrome vassdrag har også dårlegare enn god tilstand etter vassforskrifta på grunn av reduserte bestandar av laks.

Mange påverknadar
Livshistoriestrategien til anadrom fisk tilseier at det er mange som døyr i vassdraga frå rogn til smolt. Ein viktig faktor for god overleving er skjul og holrom der større fisk kan opphalde seg og unngå å bli eten. I Nausta er det gjennomført omfattande substratforbetringar der elvemassar er teke ut av elva, solda og grovare massar lagt tilbake. I kombinasjon med tilrettelegging av ein djupål har dette ført til langt høgare smoltoverleving.

Ein stor påverknad i vassdrag er kraftproduksjon, med redusert vassføring og tørrlagde elvar. Effektkøyring er i dag ei utfordring i enkelte vassdrag, og med framtidas etterspurnad kan det potensielt bli ei enno større utfordring.

Mange vassdrag er kanaliserte og utretta. Dette har ført til kortare elveløp og endra vassføring, som begge har redusert produksjonspotensiale i fleire vassdrag. Utretting og kanalisering har ofte skjedd i samanheng med landbruk og utbygging av infrastruktur.

På veg ut i sjøen møter smolten mange utfordringar. Lakselus påverkar både laks og sjøaure, og Havforskningsinstituttet si risikovurdering for 2025 konkluderer med at det truleg var høg dødelegheit hos postsmolt i produksjonsområde 3 (Karmøy–Sotra) og 4 (Nordhordland til Stadt). Det er også vist at det kjem tilbake færre gytelaks til elvar i område med lakselus. Det er difor viktig å halde lusenivåa så låge som mogleg i oppdrettsanlegg.

Innkryssing av rømt oppdrettslaks i ville bestandar fører til endringar i viktige eigenskapar, som vidare kan føre til redusert produksjon av villaks. Oppdrettsnæringa har gjennomført omfattande tiltak som har ført til at tal oppdrettslaks som blir rapportert rømt er redusert, til tross for auka produksjon, og det har over tid vore mindre rømt oppdrettslaks i elvane. Det er likevel viktig å hindre at nye rømmingar finn stad.

Mange smolt blir i tillegg etne på veg ut. Uttak av mindre fiskeartar som t.d. brisling og tobis kan føre til mindre mat for marine fiskeartar, og smolt kan bli ekstra utsett for predasjon når dei skal vandre ut fjordane. Tidlegare var det store mengder brisling i fjordane, og då var kanskje ikkje smolten eit like viktig byttefisk for marine fiskeartar. Tobis er også ein viktig art, og i 2019 var det svært mykje tobis på kysten og i fjordane på Vestlandet noko som også viste igjen på sjøaurebestandane. Sjøfugl har også generelt hatt ei negativ utvikling dei siste 10-åra og samsvarar såleis med utviklinga av spesielt sjøaure. Det er difor viktig å vurdere om dagens uttak av artar som brisling og tobis er berekraftig. Dersom det er mogleg å bygge opp desse artane til å bli sterkare vil det kunne bli meir mat til marine fiskeartar, anadrom fisk og sjøfugl, samtidig som det kan gje betre fiske for fiskeria. Eit alternativ kan vere å frede brislingfiske innerst i fjordane på Vestlandet.

Det er også mange andre faktorar som påverkar anadrom fisk. Det er viktig at melding tek for seg alle påverknadane, ser på behovet for regulative endringar, kunnskapsbehov og at ressursbehovet vert belyst.

Styrka marin innsats

Vestland fylkeskommune har i prosjektet Styrka marin innsats samla offentleg verksemd, næringsliv og kunnskapsmiljø til samarbeid for å lukkast i arbeidet med å skape meir verdiar, samtidig som det skal gi mindre avtrykk på omgjevnadane våre. Innsatsen omfattar problemstillingar knytt til berekraftig akvakultur og verdikjeda kring denne. I dette arbeidet har vi mellom anna saman med oppdrettarar i Nordhordland finansiert Fra rødt til grønt 2.0 og vi var i styringsgruppa for arbeidet. Vi har her eit samarbeid som kan nyttast om departementet ønskjer å teste ut eller gjennomføre nye undersøkingar i Vestland.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonsleiar
NPI – Naturressursar, landbruk og reiseliv og reiseliv

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar
NPI – Naturressursar, landbruk

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift